

SOGN ISPARK

Sluttrapport frå styringsgruppa

Oppsummering av arbeid kring mogleg etablering av kunstisbane i Lærdal



Samandrag

I kommunestyret i sak KS - 038/25 vart det vedteke at administrasjonen skulle greia ut tilstanden til varmpumpe som er tenkt nytta i kunstisprosjektet. Det vart også vedteke at styringsgruppa skulle arbeida vidare med planar for ei mogleg etablering av kunstisbane i Lærdal, og det vart løyvd inntil kr. 300 000,- som kunne nyttast til innleige av rådgjevarkompetanse/ konsulentar.

Det er utarbeidd fleire tekniske rapportar i høve det å nytte energi frå kunstisanlegg som varmekjelde for bruk av varmpumpe ved Lærdalsøyri skule, og dei ulike konsulentane har i fellesskap utarbeidd ein rapport om mogleg teknisk løysing, mogleg energigevinst og driftsutfordringar, med oppdaterte kostnadskalkylar og berekningar.

Styringsgruppa har følgjande konklusjonar:

1. Dei klimatiske forholda i Lærdal (Bergo) gjer området eigna til kunstisanlegg. Ei kunstisbane vil skape stabile isforhold for innbyggjarar og besøkande. Kunstisbana vil vere i tråd med målsettingane i vedtekne planverk i Lærdal kommune. Dette gjeld mellom anna *Tiltaksplan for Næring, Kommunedelplan for helse, omsorg og folkehelse 2024-2034* og *Frivilligheitspolitikk 2025-2034*.
2. Innleigde konsulentar har vurdert kvaliteten og forventa effekt frå den eksisterande varmpumpe ved Lærdalsøyri skule. Dei har mellom anna vurdert eventuell overføring av overskotsvarme frå ei kunstisbane via røyr i bakken bort til varmpumpe. Analysane syner at denne varmpumpe vil gje vesentleg lågare effekt ved ei slik løysing enn prosjektgruppa tidlegare har hatt grunn til å tru. Det kan difor ikkje påreknast nokon økonomisk vinst ved å bruka denne varmpumpe når investerings- og driftskostnadene vert målt opp mot redusert straumforbruk. Ei varmpumpe med betre effekt kunne gjeve reelle innsparingar, men det er ikkje situasjonen her.
3. For å realisere prosjektet og sikre den påfølgjande drifta er prosjektet avhengig av at Lærdal kommune bidreg med 5 millionar i tilskot og at eksterne aktørar bidreg med 15 millionar i tilskot. I tillegg treng prosjektet mellomfinansiering av momskompensasjon og spelemidlar (samla rentekostnad på 2 millionar kroner).
4. Prosjektet vil vera avhengig av kommunal medverknad i dekning av driftsutgiftene. Styringsgruppa meiner at ei mogeleg ansvarsdeling, dersom ein vel å medverka til prosjektet, kunne vera at kommunen dekkar straumkostnadane til energibruk i kuldeanlegget i den perioden kunstisanlegget er i drift. Straumkostnadane er årleg estimert til mellom 386 400,- og 750 400,- avhengig av konseptval og årlege variasjonar i vêrtilhøve. Estimaten er basert på fire månadar driftstid på anlegget. Auke eller reduksjon i driftstid på anlegget er mogleg og vil ha proporsjonal innverknad på driftskostnadane. Til grunn for å få spelemidlar må kommunen garantere for drift av anlegget i 30 år slik kommunen har gjort ved realisering av fleire øvrige idrettsanlegg som har motteke spelemidlar. Bortfall av drift kan medføre krav om forholdsmessig attendebetalning av spelemidlar.
5. For at Sogn Ispark skal kunne realiserast er det ein føresetnad at Lærdal Idrettslag og Lærdal kommune samarbeider tett rundt både finansiering og drift. Lærdal kommune må difor vurdere følgjande:

- a. *Ta stilling til om Lærdal kommune ønskjer å etablere kunstisanlegg i Lærdal og garantere for drifta av dette i 30 år slik at spelemidlar kan utløysast.*
- b. *Ta stilling til om Lærdal kommune vil gje tilskot til bygging av kunstisbane, forutsett at ekstern fullfinansiering kjem på plass*
- c. *Ta stilling til å gje garantiar for mellomfinansiering av spelemidlar og meirverdikompensasjon*
- d. *Ta stilling til å dekke årlege straumkostnader for anlegget*

Bakgrunn

Arbeidet med dagens kunstisprosjektet starta opp som mogleighetsstudie i 2018 som del av Omstillingsprogrammet i Lærdal. Mogleighetsstudien vart etterfølgt av forprosjekt delfinansiert av Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Hjartefondet til Sparebanken Vest.

Kunstisprosjektet vart presentert og vedteke i Lærdal kommunestyre 2019, og då vart styringsgruppa etablert slik som følgjer;

- *Audun Mo*
- *Liv Signe Navarsete (frå 2024 Stian Offerdal Vatlestad)*
- *Rolf Jerving*
- *Harald Stadheim*
- *Guri Olsen*

Arbeidet stoppa opp grunna Covid, men prosjektet vart restarta i årskiftet 2023/2024.

Arbeidsgruppe har vore: Finn Hauge, Jarle Offerdal, Hallvard Thomassen. I tillegg har Alf Magne Hjellum bidrege til arbeidet. Konsulentar har vore Bioen, Norconsult og Fjordvarme.

Arbeidet i styringsgruppa har i seinare tid vore knytt til konkretisering av driftskostnader og mogleg energigjenvinning.

Oppsummeringa bygger på følgjande dokument som er vedlagt;

1. *Mulighetsstudie kunstisbane i Lærdal. Norconsult (2019)*
2. *Saksdokument Lærdal kommunestyre (2019)*
3. *Bruk av varme frå Lærdal isbane. Bioen (2024)*
4. *Sogn Ispark – Oppdatert informasjon kunstisbane i Lærdal. Norconsult (2025)*
5. *Notat – Vurdering av energiforsyning frå kunstisanlegget til varmepumpa – revidert desember 2025. Fjordvarme (2025)*

I tillegg vart det gjennomført eige folkemøte den 09.04.2019 der ein belyste om ulike forhold knytt til etablering av kunstisbane i Lærdal, samt eit informasjonsmøte 11.01.2026

Kvifor Sogn Ispark?

Visjon til Lærdal Idrettslag er: *På lag med bygdi*

Lærdal IL har i alle år vore pådrivar for å få på plass anlegg for fysisk aktivitet i bygda. I perioden 2000 – 2025 er det investert i anlegg og utstyr for fysisk aktivitet for omlag 50 millionar kroner. Dette gjeld mellom anna fotballbane, skeisebane, ballbingar, treningsfelt, idrettshall, klubbhus og skyttarhus. Dette er anlegg som heile bygda har nytte av til både organisert og uorganisert aktivitet. Dette er folkehelsearbeid i praksis, og har innverknad på busetting, besøkande og næring i bygda.

Lærdal har eit etablert skeisemiljø og dei klimatiske forholda gjer at Lærdal (Bergo) er egna for kunstisanlegg. Kunstisbane i Lærdal har vore fremja ei rekke gonger. Ulike konsept er utgreidd der usikkerheita no har vore knytt til finansiering av drifta.

Målsettinga med Sogn Ispark er å legge til rette for tettstadutvikling gjennom å opne «*Vinterstengde Lærdal*» for både innbyggjarar og besøkande. Skape rom for isaktivitetar for innbyggjarar, besøkande, skular og barnehagar. Etablere eit anlegg for idrettsarrangement som ingen andre i regionen har.

For meir informasjon rundt mogelege positive ringverknader knytt til Sogn Ispark, syner styringsgruppa til vedlagte presentasjon som arbeidsgruppa/idrettslaget nytta under eit informasjonsmøte den 11.01.2026.

Kostnader investering og drift - Sogn Ispark

Lærdal IL har laga kostnadsoverslag for Sogn Ispark. Dette gjeld oversikt over investeringskostnader og mogleg finansiering samt oversikt over årlege driftskostnader.

Oppsummering og status – per 2024:

- *Investeringskostnad: 36,2 – 43,3 mill kr, alt etter alternativ*
- *I tillegg kjem renter og byggelånsrenter før spelemidlar vert utbetalt*

Lærdal IL forutset ikkje restlån etter utbetaling av spelemidlar.

Det er vurdert fleire alternativ mht. til baner med og utan ishockeybane. Desse har også ulike satsar for spelemiddel. Desse er justert for satsane for år 2025. Investeringskostnader, med eksempel på finansiering er per 2024 (i kr):

Finansieringsplan KUNSTISBANE		Jarle 13.08.2025		Finansieringsplan kunstisanlegg i Lærdal	
		Banealternativ A		Banealternativ C	
Islagte flater		400m	400m	400m + Ishockey	400m + Ishocky
Kuldemedium		NH3	CO2	NH3	CO2
Prosjektkostnad (mill)		36 182 000	37 361 000	41 873 000	43 302 000
LIL Dugnad/Entreprenørrabatt		2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Fakturerte kostnader		34 182 000	35 361 000	39 873 000	41 302 000
400m hurtigløpbane - spelemidler (2025)		7 200 000	7 200 000	7 200 000	7 200 000
Ishocybane 26x60m spelemidler (2025)		0	0	3 600 000	3 600 000
MVA kompensasjon (25% sats) av fakturerte kostnader		6 836 400	7 072 200	7 974 600	8 260 400
Dugnad		2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Lærdal kommune		5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Sum finansiering (dugnad,spelemidler-mva og kommune)		21 036 400	21 272 200	25 774 600	26 060 400
Eksterne midlar		15 145 600	16 088 800	16 098 400	17 241 600
Kontrollsum prosjektkostnad (mill)		36 182 000	37 361 000	41 873 000	43 302 000
Mellomfinansiering		Årleg kostnad	Total kostnad		
Moms	8 mill i 2 år 4 %	320 000	640 000		
Spelemidler	10,8 mill 3-4 år 4 %	432 000	1 296 000 3 år		

Årlege driftskostnader

Det er i utgangspunktet sett opp drift i perioden 01.11.xx-01.03.xx, det vil sei 4 måneder i året. Driftsutgiftene varierer for dei ulike alternativa, sjå tabell nedanfor;

	Banealternativ A		Banealternativ C	
Islagt flate	400 m	400 m	400 m + ishockey	400 m + ishockey
Kuldemedium	NH3	CO2	NH3	CO2
Straumforbruk (kWh/år)	286 800	416 000	394 400	596 000
Straumkostnader, inkl nettleige og mva	kr 386 400,00	kr 560 000,00	kr 523 200,00	kr 750 400,00
Personalkostnader	kr 150 000,00	kr 150 000,00	kr 150 000,00	kr 150 000,00
Service og vedlikehald	kr 107 000,00	kr 40 000,00	kr 115 000,00	kr 45 000,00
Hovudservice årleg avsetning	kr 42 000,00	kr 25 000,00	kr 58 000,00	kr 30 000,00
Service div utstyr	kr 50 000,00	kr 50 000,00	kr 50 000,00	kr 50 000,00
Samla årlege driftsutgifter	kr 735 400,00	kr 825 000,00	kr 896 200,00	kr 1 025 400,00

Her er straumpris vurdert ut frå verkeleg pris i 2023, inkludert nettleige og mva

Det er straumutgiftene som er største kostnaden. Denne vil variere etter temperatur, straumpris og driftstid. Andre driftskostnader er knytt til personale, service og vedlikehald. Her er det nytta erfaringstal frå andre kunstisanlegg i Norge. I tillegg er det sett av årleg avsetning til større hovudservice-ar av kuldeanlegget. Driftsutgifter utover straumkostnadane skal dekkast av Lærdal Idrettslag. Sjå tabell under for arbeidsgruppa sitt framlegg til finansiering:

	Banealternativ A		Banealternativ C	
	400m/NH3	400m/CO2	400m/NH3	400m/CO2
Straumkostnader med redusert driftstid	386 400	560 000	523 200	750 400
Andre driftskostnader	349 000	265 000	373 000	275 000
Driftsutgifter	735 400	825 000	896 200	1 025 400
Inntekter				
Driftstilskot frå Lærdal kommune	386 400	560 000	523 200	750 400
Sponsorbidrag (ref notat frå 2019/kr 150-200')	150 000	150 000	150 000	150 000
Driftstilskot skeisegruppa	50 000	50 000	50 000	50 000
Driftstilskot hovudlaget (fellesbidrag)	50 000	50 000	50 000	50 000
Brukarbetaling	100 000	100 000	100 000	100 000
Samla inntekter frå kunstisbana	736 400	910 000	873 200	1 100 400

Energigjenvinning

Arbeidet i styringsgruppa har vore knytt til konkretisering av driftskostnader og mogleg energigjenvinning. Konklusjonen frå konsulentane som har vore nytta i arbeidet, (Norconsult og Fjordvarme), er at å nytte varmepumpa ved energisentralen ved Lærdalsøyri skule ikkje vil gje nokon økonomisk vinst. .

Styringsgruppa rår til at ei eventuell kunstisbane i Lærdal vert bygd med moglegheit for framtidig energigjenvinning. Ein plan for energigjenvinning ligg i dag ikkje føre, og ansvar for ei eventuell framtidig etablering vil tilkomme Lærdal kommune.

Kostnadsfordeling - Garantiar

Oversikta nedanfor syner eit estimat av kva kostnader Lærdal kommunen må ta stilling til og kva garantiar kommunen må gje dersom Sogn Ispark skal realiserast.

Kommunal kostnad år 1				
	Banealternativ A (400m)		Banealternativ C (400m + ishockey)	
	NH3	CO2	NH3	CO2
Renter mellomfinansiering av Mva	334 984	346 538	390 755	404 760
Renter mellomfinansiering av spelemidlar	352 000	352 000	529 000	529 000
Straumkostnader	386 400	560 000	523 200	750 400
Kommunalt bidrag	1 073 384	1 258 538	1 442 955	1 684 160
Kommunal kostnad år 2				
	Banealternativ A (400m)		Banealternativ C (400m + ishockey)	
	NH3	CO2	NH3	CO2
Renter mellomfinansiering av Mva	334 984	346 538	390 755	404 760
Renter mellomfinansiering av spelemidlar	352 000	352 000	529 000	529 000
Straumkostnader	386 400	560 000	523 200	750 400
Kommunalt bidrag	1 073 384	1 258 538	1 442 955	1 684 160
Kommunal kostnad år 3				
	Banealternativ A (400m)		Banealternativ C (400m + ishockey)	
	NH3	CO2	NH3	CO2
Renter mellomfinansiering av spelemidlar	352 000	352 000	529 000	529 000
Straumkostnader	386 400	560 000	523 200	750 400
Kommunalt bidrag	738 400	912 000	1 052 200	1 279 400
Kommunal kostnad år 4				
	Banealternativ A (400m)		Banealternativ C (400m + ishockey)	
	NH3	CO2	NH3	CO2
Renter mellomfinansiering av spelemidlar	352 000	352 000	529 000	529 000
Straumkostnader	386 400	560 000	523 200	750 400
Kommunalt bidrag	738 400	912 000	1 052 200	1 279 400
Kommunal kostnad år 5				
	Banealternativ A (400m)		Banealternativ C (400m + ishockey)	
	NH3	CO2	NH3	CO2
Straumkostnader	386 400	560 000	523 200	750 400
Kommunalt bidrag	386 400	560 000	523 200	750 400
Kommunal kostnad år x				
	Banealternativ A (400m)		Banealternativ C (400m + ishockey)	
	NH3	CO2	NH3	CO2
Straumkostnader	386 400	560 000	523 200	750 400
Kommunalt bidrag	386 400	560 000	523 200	750 400

